


Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 13/2435-4

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

18348/13

Dykkar ref.
Dato

LEIKANGER, 31.05.2013

Vedlegg til sak: Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge 10 småkraftverk i Flora kommune

Saksutgreiing for Klauva kraftverk i Flora kommune

1. Omtale av tiltaket.

Tiltaksområdet ligg nordaust for Florø i området ved utløpet til Nordalsfjorden. Vassdraget ligg sørvendt mot fjorden, med store deler av nedbørfeltet oppe i snaufjellet. Fleire småelvar renn i grunnen frå Keipevatnet igjennom moreneryggen og kjem opp i dagen og samlar seg til ei elv på kote 405 der inntaket er planlagt. Elva renn bratt i stryk og små fossefall ned til sjøen mellom berg og grove lausmassar. I den øvre delen gjennom skog, og nederst gjennom innmark mellom busetnaden ved fjorden. Her er elva fleire steder forbygd, og går til slutt som ein liten foss ned i fjorden. Det går stiar opp til Keipevatnet på begge sider av elva. Busetnaden på Klauva har tilkomstveg frå fylkesveg 614 frå Grov til Svelgen. Søkjar er Klauvane fornybar AS der grunneigarane står bak - i samarbeid med selskapet Tyngdekraft AS.





Hovuddata for Klauva kraftverk

Tilsig	
Nedbørsfelt , km ²	3,2
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	0,384
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	17
Fem-persentil* sommar (mai-sept.)	138
Fem-persentil* vinter	16
Kraftverk	
Inntak, kote	405
Avløp, kote	2,0
Brutto fallhøgde, meter	403
Slukeevne, maks m ³ /sek	1,0
Slukeevne, min m ³ /sek	0,010
Installert effekt, maks MW	3,4
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter l/sek	17/17
Bruktid, timar	2760
Produksjon	
Årleg middel, GWh	9,3
Økonomi	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	40,7
Utbyggingspris, kr/kWh	4,38

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Inntaket er planlagt på kote 405 like nedanfor Keipevatet. Det er planlagt morene- og steindemning med tetting med betong på oppsida tvers over elva. Dammen blir ca. 4 meter høg og 25 meter brei. Neddemt areal blir ca. 0,5 da. Rørgata skal gravast ned langs heile strekning på ca. 1400 meter. I deler av traseen er det fjell og det må sprengast grøft. Rørgata skal krysse elva og røret skal her støypast inn i betong.




Inntaksområdet.



Rørgate er vist med blå stipla strek. Ny veg er vist med gul strek,.

Det er planlagt tilkomstveg opp til inntaket frå eksisterande kommunal veg. Den nye vegen vil delvis gå langs rørgatetraseen. Vegen vil bli permanent og skal m.a. brukast til skogsdrift. Steinmassar skal brukast til vegbygging og riggområde. Riggområda er aktuelt å bruke til velteplassar for tømmer.

I Samla plan er det tidlegare vurdert eit prosjekt der overføring av Lagevatnet lenger nord var med. Denne overføringa er ikkje med i Klauva kraftverk, men utviding vil kunne gjerast seinare.



Kraftstasjonen skal byggast ved fjorden, mellom elva sitt utløp og ei noverande kai. Grunnflate opp mot 200 m². Til området går det bilveg i dag. Avløpsvatnet skal sleppast i sjøen gjennom ein kort kanal.

Krafta er tenkt transportert ut via ei 2,2 km lang kraftlinje fram til eksisterande 22 kV linje frå Gryta-dalen mot Haukå. Eit alternativ med sjøkabel (ca. 2 km) sørvestover mot Grønenga vert vurdert.




Foto opp frå sjøen til venstre. Ned mot sjøen til høgre.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Tal dagar med overløp ved inntaket i eit middels vått år er berekna til 33 dagar. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket heile året tilsvarande alminneleg lågvassføring: 17 liter/sek. For samanlikning er 5-persentil sommar: 138 liter/sek. Vassføring frå restfeltet mellom inntaket og fjorden er berekna til 33 liter/sek, slik at gjennomsnittleg vassføring i elva ved utløpet i fjorden blir ca. 50 liter/sek.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, flaum og erosjon

Det er venta ubetydeleg konsekvens for vasstemperatur, isforhold og lokalklima og ubetydeleg konsekvens for grunnvatn, flaum og erosjon etter utbygging.

Biologisk miljø

Vurdering: Liten til ubetydeleg negativ konsekvens for biologisk mangfald.

Landskap og inngrepsfrie naturområde, sitat frå søknaden

Det største inngrepet ved tiltaket blir gravingen av rørtrasen, og totalt vil et areal på 15 da. bli influert av utbyggingsarbeidene fremover i driftsperioden. Rørgata vil bli gravd ned heile veien, og vil etter hvert bli borte. Etter noen år vil vegetasjonen gro opp langs rørgata og lite vil synes etter utbyggingen. Veiene vil derimot kreve 12 da og blir synlig for ettertiden. Inntakskonstruksjonen og -dammen er planlagt plassert i et område som er lite synlig fra omgivelsene. Vannveien og anleggsveien i rørgata, vil gå over innmark og gjennom skog. Jorda legges til side for dekking etter

avsluttet arbeide, og vil fremme naturlig revegetering. Kraftverket blir plassert helt nede ved sjøen. Det er vei nesten helt frem til tomta i dag og det trengs derfor kun bygges en kort vei til stasjonen i tillegg til snu og parkeringsplass. Kraftverket vil gli inn som en naturlig del av øvrig bebyggelse i grenda. Det strekkes ei kraftlinje fra kraftstasjonen til Grytadalen, alternativt en sjøkabel til Grønenga, og kraftlinja vil bli synlig langs veien til Klauvene. Sjøkabel vil få liten betydning for landskapskvalitetene. Minstevannføringen vil redusere den negative påvirkningen av redusert vannføring. Etter utbyggingen vil det naturlig bli en mindre vannføring i vassdraget.

.....

Vurdering: Liten negativ konsekvens for landskap.

Vurdering: Middels negativ konsekvens for inngrepsfrie område.

Kulturminne, sitat.

Det er ikke registrert noen automatisk fredede eller verneverdige kulturminner i tiltaksområdet. Tiltaket vil heller ikke få konsekvenser for SEFRAX-registrerte bygninger eller spesielt verdifulle, helhetlige kulturmiljø. Det har vært kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune og det er ikke påvist varig fredede kulturminner innen influensområdet.

Brukarinteresser:

Vurdering: Ubetydeleg konsekvens for brukarinteresser.

Samfunnsmessige verknader

Sysselsettingseffekt i anleggsperioden – utbyggingskostnad ca. kr. 40 mill. Inntekter til kommunen (eigedomsskatt) og til grunneigarane. Utbyggingsprisen er berekna til 4,38 kr/kWh, som er over middles høg.

Sumverknader/samla belastning, sitat.

Det ligger inne en søknad om konsesjon for Guleslettene Vindmøllepark AS, som ligger nord for Langevatnet og videre vestover mot Botnane. Dette er dog et stykke unna.

Haukå småkraftverk som ligger 5 km øst fikk avslag på den største utbyggingen, men det ble gitt konsesjon til et lite kraftverk. Det er også gitt konsesjon til ett kraftverk til 5 km vest for tiltaksområdet, men disse er ikke bygd.

Det er ikke kjent at det foreligger planer om andre inngrep i prosjektområdets nærområde. Vi vurderer at Klauva kraftverk kan vurderes isolert, og tiltaket vil samlet sett ha liten negativ konsekvens, og til å være lite konfliktfylt.

Avbøtande tiltak.

Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring 17 liter/sek heile året. Redusert vasskraftproduksjon på grunn av dette samanlikna med ingen minstevassføring er 0,4 GWh. Ved å auke minstevassføringa til 5-persentil om sommaren (138 l/sek) vil produksjonen etter berekningane gå ned ytterlegare 1,0 GWh, til 8,3 GWh.

3. Fylkesrådmannen si vurdering - fordelar og ulemper - avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 9,3 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er ca. kr. 41 mill. slik at utbyggingsprisen kan bereknast til 4,38 kr/kWh. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap i samband med bygging av inntak og dam i elva nedanfor Keipevatnet, nedgravd rørgate, veg til inntaket, kraftstasjon og utløp ved fjorden og redusert vassføring i Klauveelva.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god.

Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Fylkeskommunen har utarbeid Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (fylkestinget des. 2012). I delområdet Flora – Bremanger er det markert 15 fossar/stryk som er viktige landskapselement. Klauveelva er ikkje mellom desse. I planen er det definert fjordlandskap langs fjordane og dei største innsjøane i fylket. Klauvaelva ligg i fjordlandslap, men i planen er det ikkje retningslinjer for elvar som ikkje er omtalt i fosselista.

Nedre delen av elva er godt synleg frå fjorden og fylkesrådmannen meiner at det er foreslått for lita minstevassføring om sommaren. Av omsyn til landskap bør minstevassføringa aukast, helst til nivå med 5-persentilen, dvs. 138 liter/sek. Det må leggst vekt på støydemping, slik at støy ikkje får bre seg utover fjorden.

Kulturminne

I søknaden er det sagt at det ikkje er registrert freda eller verneverdige kulturminne i tiltaksområdet og at tiltaket ikkje vil få konsekvenser for SEFRAK—registrerte bygningar eller spesielt verdifulle heilskaplege kulturmiljø. Det går ikkje fram av søknaden korleis dei har kome til denne konklusjonen, dei har heller ikkje lagt fram ein eigen rapport vedrørande kulturminne i området. Det tilsendte materialet er for dårleg til at fylkeskommunen kan vurdere påverknaden tiltaket vil ha på kulturminne frå nyare tid.

Kva med oppmuringane langs elva ved jorda? Kva er alderen på eksisterande vegar? Restane av gamal kraftstasjon?

Så lenge det ikkje er gjennomført kulturminneregistreringar i området, er det vanskeleg å seie noko om automatisk freda kulturminne vert råka av tiltaket eller ikkje. Vi ber tiltakshavar om å ta kontakt slik at § 9 underskøkingar, jamfør lov om kulturminne, kan gjennomførast så fort som råd.

Samla vurdering for Klauva kraftverk

Prosjektet bør kunne realiserast, men fylkesrådmannen meiner at det av omsyn til landskap bør sleppast minstevassføring om sommaren tilsvarande 5-persentilen: 138 liter/sek. Det må leggst vekt på støydemping, slik at støy ikkje får bre seg utover fjorden.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer at fordelane ved tiltaket er større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Det bør sleppast minstevassføring om sommaren tilsvarande 5-persentilen: 138 liter/sek..